Det første som då måtte gjerast var å ta ned dei støttene som sto og som då var tilpassa den skeive kyrkja. Vidare måtte alle bygningsdeler som kunne låse eller halde igjen løysast. Truleg måtte deler av taket demonterast. Som vi ser var det mykje folk i aktivitet. Det var endåtil innleigd eit kabeltau slik at ein på ein sida kunne jekke og presse og på den andre sida dra med tauet. Når bygningen var komen i ein ynskt posisjon måtte den låsast ved at nye støtter (skorer) vart sett på plass. Det er naturleg at nordsida av taket då vart omlagt. Etter ein slik operasjon ville denne taksida vera mykje skadd (utett). Sørsida av taket ville klara seg mykje betre og den er heller ikkje gjort noko med.

Her er "Funten" nemnd igjen. Det er denne gongen innsett eit vindu. Det vert no meir og meir klart at dette dåps-sakristiet var i ein sjølvstendig del av kyrkja, og då mest truleg i ein korsarm (mot nord).

Betalt 3 Mand for Stolene udi Kirchen at  
reparere udi 2 Dage a 1 mark 1 Rdl

Giort 2 ny Dørre i Kircheleddene samt  
forbedret Vinduelugerne tilhaabe  
3 mark 8 skilling

Imellem Chorit och Kirchen ladet giøre ny  
Dreyede Pillere udi 5 Karmen, derfor betalt  
en Snedker for 14 Dages Arbeide paa  
egen Kost a 1 ort 3 Rdl 3 mark

Noch betalt 2 Mænd som hialp Snedcheren  
med Tillønning och andet udi 14 Dage  
a 1 mark 4 Rdl 4 mark

For Træ till Pillerne 1 Rdl

13 Bord till Karmene 3 mark 12 skill

For Snedcheren at føre fram och tilbage  
4 mark

Føres till Udgifft Landskylden af Yttre  
Løset aariig 4 ml, Røfde 1 ml, Hoggeland  
1/2 ml, Sandanger 1/2 ml, och Muren  
1/2 ml beløber tilsammen for disse 3 Aar  
4 Rdl 5 mark 4 skilling

Gotgiøres Leyen af 6 Kiør, som i disse 3  
Aar ere opyngede hos Ole Ladsværch,  
Ole Viig, Rasmus Viig, Siur Møchlebust,  
Rasmus Øren och Rasmus Echrimb  
a 1 ort er 4 Rdl 3 mark

SUMMA UDGIFFT er

Penge 114 Rdl 4 mark 10 skilling  
LIGNIT imod INDTEGTEN blifuer  
Kirchen till itzige Verger skyldig  
Penge 27 Rdl

**SØFDE KIRCHES REGENSCKAB**  
Forhørt pro Annis 1702, 1703 och 1704.  
Ombudsmændene Mons och Rasmus  
Echrimb.

**INDTEGT;**

-----  
Føres till Indtegt for den Koe

Ein slik stor oprettingsjobb gjorde sikkert  
også noko skade på inventaret, og her vert  
stolane reparert.

I den katolske tida var det i alle kyrkjer ei  
klar markering mellom koret og sjøve  
kyrkja. Dette var for å skape ein viss  
avstand mellom dei heilage handlingar som  
foregjeikk ved alteret og almugen som var i  
kyrkja. Denne markeringa vart gjort ved  
ymse former for gitterverk eller espalier  
som vi seier no. På denne måten kunne  
kyrkjefolket til ein viss grad sjå kva som  
foregikk men likevel føle avstand. Sjøve  
koropninga var ofte ikkje stort større enn ei  
vanleg dør. I Urnes stavkyrkje er endåtil i  
koropninga innsett gitterdører slik at denne  
avstenginga vert fullstendig når dørene er  
igjen. I Syvdekyrkja vart det no innsett nye  
espalier som besto av dreia pilarer som var  
innsett i rammer, truleg med ein avstand på  
10 - 15 cm. Der har heilt sikkert vore slike  
tidlegare. Om vi tenkjer oss at det var kor-  
enden (aust-enden) av kyrkja som var  
oppretta, så ville dei gamle som kanskje var  
tilpassa ei skeiv kyrkje, ikkje kunne brukast  
lenger. Det måtte såleis lagast nye som ein  
fylgje av den utførte oprettingsjobben. At  
det var 5 slike espalieramer kan forklarast  
med at 2 stk var plassert på kvar side av  
koropninga opp til ca 2 meters høgde. Frå  
2 m og opp under taket var det oppdelt i  
3 rammer, tilsaman 5. At dette var riktig  
finsnekring ser vi når 3 mann har brukt 14  
dager på dette arbeidet.

No får vi endeleg ei fornying av buskapen  
til kyrkja. Det skjer på den måten at kvige-  
kalvar vert utplassert hos diverse bønder for  
oppaling. Først når kviga fekk kalv og  
kunne byrja å mjølka vart den utleigd. Det  
kan sjå ut som oppalaren får 1 ort i 3 år,  
men det må vera 1 ort for kalven. Ei kvige  
bør kunne ha første kalven i 2års-alderen.

Her har ei ku blitt seld for 2 Riksdaler. Om  
dette er ei gamal ku veit vi ikkje, men prisen  
er den same som ein alterduk av 8 alen  
lerret.

som blef soldt	2 Rdl
-----	
SUMMA INDTEGT er	
Penge 86 Rdl 4 mark 10 skilling	
UDGIFFT i fornefnte 3 Aar:	
-----	
Efter Kgl. Mayts Allern. Befaling er udi trende Terminer erlagt till de afbrendte Kircher och Geistlige Huses Opbyggeise udi Bergen for 1703, -04 och -05 a 2 Rdl	6 Rdl
Oplagt paa Kirchen (foruden den vestre Side af Taget paa Kaarset) 3 Tønder Tiere derfor med Opl. a 20 mark	10 Rdl
Lagt nyt Tag paa vestre Side af Kaarset med 7 Tylter Bord. kosted m. Førsel och Oplegn. a 7 mark	8 Rdl 1 mark
Kiøbt och indsat paa Chorets søre Side 4 ny Vinduer, kosted i Bergen	4 Rdl
For ny Karm och Rammer dertill, samt de ny Vinduer at indsette och de gamle at hentløtte i Kaarset, med Børd och Arbejdsløn	4 Rdl 3 mark
Lagt 2 Tillaaser under Gulvet	2 mark
At forbedre Laaset for Vaabehuset	1 mrk
Giort en ny Stie 9 Alen. for	4 mark
Gotgiøres 2 Aars Leve af en Koe som er opnyget hos Ole Landsvirche	3 mark
Føres till Afkortning Landskylden af 5 1/2 melag Fisk som af Kirchens Goeds ligger øde, er aarlig 1 Rdl 2 mark. beløber tilsammen for 3 Aar	4 Rdl 12 skilling
I ligemaade kortes Tienden af samme Ødegods for 3 Aar	1 Rdl
SUMMA UDGIFFT er	
Penge 104 Rdl 2 mark 4 skilling	
LIGNIT imod INDTEGTEN blifuer Kirchen frembdelis til Vergerne skyldig	
Penge 17 Rdl 3 mark 1 skilling	

I 1702 brann heile austsida av Vågen i Bergen. På denne tida var mesteparten av bebyggelsen på denne sida. Deriblant fleire kyrkjer. Vi ser at kyrkjene her er nemnt i fleirtal. Denne ekstraskatten er også dobbelt så stor som det som har vore vanleg i slike høve tidlegare.

Det er litt rart at det er skift tak på korset igjen. Sist dette var gjort var i 1687 eller 1689, altså for ca 15 år sidan. Når vi ser på forbruket av materialer er 7 tylter bord 84 stk. Om vi tenkjer oss kvart bord 8 toms bredde og ca 5 meters lengde lagt med ca. 1,5 tomme overlapping, så vil denne materialmengda dekkje ei taksida på 67 m<sup>2</sup>. Etter eit føreløbig forsiktig anslag skal taksida vera omtrent 60 m<sup>2</sup>. Det ser altså ut som heile taksida er skifta. No er tretaket sjølv sagt den delen av bygningen som er mest utsett for råte, men men det forbruk av tjære som vi ser, burde det halde noko lenger.

Så er det kjøpt i Bergen nye vinduer til koret. Etter prisen å dømme må dette vera såkalte glasmaleri, dvs. malte ruter samansett med blyinnfatning, også fordi dei er innsett i koret, som då får fin lysvirkning på sørsida. Koret kan ikkje hatt fleire vindu på denne eine sida, og desse 4 rutene er truleg samansett til eit eller helst to vindu. Karm og rammer dertil er laga spesielt slik at kostnaden kjem opp i heile 8 Rdl og 3 mark. I 1695 er nemnt eit vindu i koret som er med 6 ruter forbedret. Dette gamle med minst 6 småruter er no innsett i koret. Fundten fekk i 1695 i allehøve eit nytt vindu, sameleis i 1701. Dette kan ikkje vera same vinduet, slik at Fundten må ha minst to, men etter prisen enklare vindu. I 1692 er det kjøpt "Tvende nye Vinduer efter Ordre". Desse to vindua kosta 1 Rdl kvar, tilsaman 2 Rdl. Når no dette nye vinduet i sørveggen av koret kosta over 8 Rdl forstår vi at det har vore eit riktig stasvindu. Les meir om slike glasmaleri frå Norddal kyrkje i boka "I Balansepunktet" utgitt av Sunnmørsposten 1994. (side 420 ..)

**SØFDE KIRCHES REGENSCKAB**

Forhørt pro Annis 1705, 1706 och 1707.

Ombudsmændene Mons och Rasmus  
Echrimb.

**INDTEGT;**

-----  
Landskyld Aarlig af Store Rødve 3 mellag.  
Denne Landskyld er ved Dom den 21. Febr.  
1707 tillvunden at skall fremdelis staa ved  
sit fulde Verd och følge Kirchens aarlige  
Landskyld af 3 mellag.

-----  
En Gied dræbt af Biørnen som herefter  
udeladis.

**SUMMA INDTEGT**

Penge er 83 Rdl 2 mark 2 skilling

**UDGIFFT i forn. 3 Aar;**

-----  
Tierebræd Kirchen over alt med 5 Tønder  
Tiere, derfor med Arbejds løn a 16 mark  
13 Rdl 2 mark

Reparerit Gulfvæt och Qvindestoelene,  
derfor 2 mark

Kortes Landskylden af Kirchens Ødegods i  
3 Aar, nemlig 4 mellag i Løesett, 1/2 melag  
i Hoggeland och 1/2 mellag i Sandanger, er  
for 3 Aar tillsammans 3 Rdl 4 mark 8 skill

Iligemaade gotgjøres for Tienden af  
Ødegods her i Sognet for disse 3 Aar  
2 Rdl 1 mark 8 skill

Opyngtet i 2 Aar en Koe, deraf kortes  
Leyen a 1 ort 3 mark

Betalt udi Stefnepenge och Omkostning  
med Dom och Skrivepenge, for at Indtahle  
Kirchens Landskyld-Rett udi Rødve, som  
nu er Kirchen tilkiendt til Fulde at nyde  
1 Rdl 3 mark

Endnu kortes et Aars Landskyld af Lillebø  
som Leylendingen blef effterladt til hielp till  
hans Huses Forbedring, som af Storm var  
bleven beskadiget 4 mark 8 skill

I dei siste avskriftene har eg ikkje teke med  
dei rutinemessige utgiftene frå år til år.  
Heller ikkje lista over kyrkja sine gardar.  
Den prikka lina i avskrifta tyder at ein del  
av originalmaterialet er utelate.

På side 9 har eg antyda kvifor denne gard-  
lista stadig vert gjenteken. Og i denne peri-  
oden har kyrkja ved vergene vore i rettsak  
om eigedomsretten til Store Rovde sine 3  
Mellag. Ein eller annan har bestride kyrkja  
sin landskyldrett til denne gardparten, men  
ved dom i 1707 er Syvde kyrkje tilkjend  
eigedomsretten som før.

Om det var ein annan eigar til denne gard-  
parten skulle det heller ikkje svarast  
landskyld til Syvde kyrkje. Denne garden  
ligg i Rovde Sogn og tienden herifrå gjekk  
til Rovde kyrkje.

Når det ikkje er leiglending på ein gard ligg  
denne ubrukt og ubebodd, det kjem då  
heller ingen skattar eller avgifter derifrå.  
Difor nemninga "Ødegods". På utgiftsida  
vert derfor den landskyld som skulle ha  
kome frå den garden til ein minuspost.  
Frå ein ødegard kjem heller ingen tiende,  
men her er det fråtrekk, "korting" berre for  
"Ødegods her i Sognet".

Landskylda var ei jordleige for kyrkja sine  
eigne gardar som vart innkravd uavhengig  
av kva kyrkjesogn garden låg i.

Tienden var ein almenskatt som vart  
innkravd i kyrkjesokna uavhengig av kva  
kyrkje eller privatperson som eigde garden.

<p><b>Høste- Skatte- og Saketing Lekanger</b> 19. november 1706. (Leikong) Til Søjde Kirke Mogens og Rasmus Ekrem ladet indstefne opsidderne paa Store Rødve for resterende landskyld af 3 mellag Søjde Kirke tilhørende.</p>
---

Kostnadane med ei slik rettsak var ikkje  
store. 1 Rdl 3 mark er ca. for ei halv ku.

Lillebø har vore utsett for skadeuver. Storm  
har skada fleire av husa på garden. Som ei  
hjelp til utbedringa er leiglendingen der  
friteken for landskyld i eit år.



SUMMA UDGIFFT er

Penge 77 Rdl 5 mark 10 skilling  
LIGNIT imod INDTEGTEN bliver  
Vergeerne nu paa dette Aars Regenskab till  
Kirchen skyldig  
Penge 5 Rdl 2 mark 8 skilling

**SØFDE KIRCHIS REGENSCKAB**

Forhørt pro Annis 1708, 1709 og 1710.  
Ombudsmændene Mons og Rasmus  
Echrimb.

INDTEGT;

-----  
En Gied dræpt af Biørnen, hos een fattig  
Mand, saa Tallet bliver ichun 6 herefter.  
-----

SUMMA INDTEGT

Penge 91 Rdl 3 mark 2 skilling

UDGIFFT i fornæfnte 3 Aar;

-----  
Oplagt 16 Tylter Bord til Tag paa Kirchen,  
kosted med Oplægning og Arbejds løn a  
1 Rdl Tylten 16 Rdl

Noch oplagt paa Brøstet og Kaarset af  
Kirchen 4 Tylter Bord, kosted med  
Oplægning 3 Rdl 4 mark

Betalt Arbejds mændene som udi 2 Dage  
arbejdede paa Stolene udi Kaarset 3 mark

Forbædret Gulvet udi Vaabenhuuset med  
1 1/2 Tylt Bord og nye Tillaaser, koster  
med Arbejds løn 1 Rdl 2 mark

Kiøbt 8 Tillaaser, som er lagt i Kaarset,  
hver 3 Alen lang 1 mark 8 skill

Satt 1 Støtte under Kirchen 24 Alen lang,  
som kostet med Opsetting 2 Rdl

Noch opsatt 3 Støtter hver 16 Alen lang,  
derfor gaattgiøres 4 Rdl 3 mark

Lagt en nye Svil 14 Alen lang under dend  
Store Kirche, derfor gaattgiøres med Førsel

Denne rekneskapsperioden er elles ein  
avslapnings- eller sabbats-periode. Svært  
lite er gjort på sjølve kyrkja bortsett frå den  
vanlege tjærebræding. Dei siste åra har det  
vore utført så store arbeider på kyrkja at  
den no burde vera i bra stand.

**Høste- skatte- og saking, Lekanger**

19.nov 1706.

(Leikong)

"-Fremkom opsidderne paa Breiteig, skyldig  
Søfde Kirke 1 vaag 2 pd 6 mark, og  
forklarede at de Aar 1704 vare tilført en  
alvorlig Skade paa deris Jord, ved Field-  
skred, saa dersom de ei skulde kunde blive  
armodet, at nyde billig Afslag udi Skat og  
Landskyld."

Det ser ikkje ut som folket på Breiteig har  
fått medhold i si klage, det er enno ikkje gitt  
dei avslag i landskyld eller tiende.

Det er litt vanskeleg å tenkja seg dette store  
forbruket av bord til taktekning. Om taket  
var skikkeleg lagt og godt tjærebredd burde  
det holde 20 til 30 år. - La vi no  
tenkja oss at denne gongen gjeld det taket  
på hoved-skipet, og då på sørsida; I 1697  
var det taket reparert med 8 tylter bord,  
men det kan vera på søre korsarm. Neste  
vesentlege takskifting på sørsida er i 1680.  
I mellomtida har det vore eit par mindre  
reparasjonar på søre taksida. Frå 1680 til no  
er det faktisk 30 år, og då har vi brått ei tru-  
verdige levetid. Det kan vera greit å hugsa  
på at til no har ein gått gjennom ei tidsperi-  
ode på heile 50 år.

Den materialen som er brukt på "Brøstet og  
Kaarset" er utvendig bordkledning, helst  
liggende vestlandskledning.

Dei tillåsane som er lagt i korset er truleg  
berre innskjøting til dei gamle og råtne.  
3 alen er under 2 meters lengde. Vi ser at-  
det også vart gjort arbeid på stolane der.

Denne svilen på 14 alen under "Store  
Kirchen" er ikkje lett å plassere. Det kan

og Underholdning 3 Rdl

Lagt eet Huggenbord 14 Alen lang imellem  
Choret og Kaarsen 4 mark

Tierebred det nye Tag med 1 Tønde Tiære,  
kostet med Oplægning 2 Rdl 4 mark

Anvendt 2 dags Arbeide paa Stolene udi  
Kirchen (som tilforn var nedtagen) igjen at  
opsette, som kostet 3 mark

Opyngt 3 Kiør i 3 Aar, en hos Hans Olsen  
i Krichen, dend anden hos Rasmus Olsen  
Øren og dend 3die hos Rasmus Skaar  
2 Rdl 1 mark 8 skilling

Kortes Landskyld af øde Gods 2 Rdl

-----  
SUMMA UDGIFFT er

Penger 90 Rdl 1 mark 12 skilling

LIGNIT imod INDTEGTEN bliver

Værgerne til Kirchen skyldig

Penger 1 Rdl 1 mark 6 skilling som till

Stiftskriveren er betalt.

#### SØFDE KIRCHIS REGENSCKAB

Forhørt pro Annis 1711, 1712 og 1713.

Ombudsmændene Mons og Rasmus

Echrimb.

INDTEGT;

-----  
SUMMA INDTEGT er

Penge 78 Rdl 12 skilling

UDGIFT i fornemfte 3 Aar;

-----  
Effter Hans Kongl. Maj<sup>ts</sup> Allernaadigste  
befalning Erlagt til den Lutherske Kirche i  
London udi Engeland 7 mark

I ligemaade erlagt effter Allerhøistbemelte  
Deris Kongel. May<sup>ts</sup> Allernaadigste ordre  
til den afbrente Skoles Opbyggelse i Altona  
4 mark

For Kirchens Extraordinarie Besigtigelse af  
Stiftskriveren og en Kirchebygger med  
Fløtning og anden Omkostning 1 Rdl

etter prisen å dømme vera ei feilskrivning for  
ein syllstokk. 14 alen er ca 8,8 meter. Om  
det er ein syllstokk som er utskifta så måtte  
stolane fjernast og golvet opptakast på den  
sida stokken var. Og vi ser lenger nede at  
stolane var fjerna, "som tilforn var ned-  
tagen", og at det var to dagers arbeid å få  
dei oppsett igjen.

Det kan ikkje vera ein såkalt grunnsvill i  
ytterveggen, for med den korsform kyrkja  
har er ingen av desse av slik lengde.

Dette lange "huggenbordet" på 8,8 meter  
kan eg ikkje plassera. Det kan einast vera  
om koret har same høgde og bredde som  
kyrkja. Då vil taksida på koret og korset  
falle isaman i ei gratrenne som er ca 8,8 m.  
Det kan også vera ein innvendig detalj, for  
eksempel ein lettbjelke over kyrkjeromet å  
hengja den 6 arma lysekrona i.

Det vert elles mykje antakelser og gjetning  
når ein del av desse arbeida skal plasserast  
på ein bestemt plass på kyrkjebygningen.  
Det har likevel alt no festa seg eit inntrykk  
av korleis kyrkja må ha sett ut. Men det er  
best at ein får med heile rekneskaps-  
perioden før eg lagar skisser og teikningar.

Vi tek med litt til frå tingboka;

Høste- Skatte- og Saketing Lekanger  
19. november 1706. (Leikong)  
Tinglyst skjøte til Aage Christensen i  
Larsnes, på halvtredje Mellag i Øren, frå  
Rasmus Øren.

21. juli 1709. Otto Finde (Voldapresten)  
stefnet Rasmus Øren og Lars Houcheland  
for landskyld af Houcheland for aarene  
1692 til 1709.

13. november 1709. Povel Eidse og Anders  
ibm. stefnet Rasmus Øren og Hans Kolgrov  
for deris qvæg har ædit deris ager og eng.

Vi ser at Rasmus Øren ein av dei mange  
som skaffar seg ekstraintekter ved å fora  
opp nye kyr til kyrkja. Det kan vel vera  
nødvendig om han skal gjera opp for seg.

Oplagt een Hiørnesvil paa Stoere Kirchen 12 alen lang	1 Rdl 4 mark
Oplagt paa Kaarset een Kiølsvil 14 alen lang	1 Rdl 4 mark
Nedlagt 12 Tillaaser udi Kirchen a 4 skilling	3 mark
Beslaget Dorren i Fundten	1 mark 8 skill
Nedlagt en Tylt bord udi Kaarset	4 mark
Nedlagt udi QvindfolcheStoelene 2 Tylter Bord	2 Rdl 4 mark
Giort 2 nye Bencher i QvindfolcheStoelene og een udi Mandfolchestoelene	1 mark
Nedlagt 2 Undersviller i Qvindfolche- Stoelene	1 mark
For samme Stoele at optage og Bordene at nedlegge med Tillaaserne	2 Rdl
Mullen at bære af Kirchen førend Tillaaserne kunde nedlegges, gotgiøris	3 mark
Oplagt 3 Tylter Bord paa Kircheveggens søre Side a 5 mark	2 Rdl 3 mark
Opsat 3 Oplenger a 8 alen lang paa Stoere Kirchen	1 mark 8 skill
Forbedret Piberne udi LyseCronen	1 mark
Giort een Kiin (trinn ?) i Stien	1 mark
Tierebræd Kirchen med 4 Tønder Tiere a 16 mark, m. Oplegn.	10 Rdl 4 mark
Solt een gamel Koe for 1 Rdl og kjøbt een ung i steden for 3 Rdl, føres saa till Udgift de	2 Rdl
Opyngtet 2 Kiør udi 1 Aar hos Hans Krichen og Rasmus Skaar a 1 ort	3 mark
Noch opyngtet 3 Kiør udi 3 Aar hos Rasmus Nordal, Aslach Nordal og Rasmus Øren	2 Rdl 1 mark 8 skilling

Her er ein ny stadfesting av høgda på taket på hovedskipet. 12 alen har heile tida vore brukt som mål på vindskiene på kyrkja. 12 alen er ca. 7.6 meter.

No tår vi også oppgitt målet på mønesvillen på korsarmen, dette kan vera både søre og nordre korsarm. 14 alen er ca 8,9 meter. Dette er berre ein korsarm som då går ut frå midtaksen av kyrkja ca. 8.7 meter. Om vi då legg saman begge korsarmene vil dei tilsaman ha ei lengd på 17,4 meter. Hovedkyrkja kan ha ei sannsynleg breidde ca. 7 m. Resten, 10,4 meter kan då delast på dei to kors-armene som kvar vert omtrent 5,2 meter ut frå ytterveggen på kyrkja. Dette stemmer med dei mål vi kom fram til på side 21.

Så har det stått ei dør i "Fundten" som har fått nye beslag. Dette må vera ei ytterdør, inngangsdør til dåps-sakristiet. Den kan ha stått midt i endeveggen på nordre korsarm med front mot bygdeveggen nordover.

Det har vidare vore ut ført ein del arbeid inne i kyrkja, det vesentlege på kvinnesida. I denne konstruksjonen er det ein avstand frå stavrekkja i kyrkja og til ytterveggen på ca. 1 - 1,5 meter. Det kan sjå ut som golvet er oppteke og dei små tillåsane mellom syld og grunnsvill er utskifta. Kostnaden med dei 12 åsane er så liten at det kan ikkje vera noko anna. Vi ser også at stolane er fjerna, noko som då var heilt nødvendig. I denne anledning har det også vorte grave ut den jorda under kyrkjegolvet som kom for nær treverket og vart årsak til råte. Dette arbeidet vart truleg utført på nordsida, om eg hugsar rett var regelen at kvinnfolksida var mot nord og mannfolksida mot sør.

Dei 3 "oplengere" som er oppsett på Store Kirchen må vera taksperrer. Tidlegare har det vore brukt nemninga takoplengere og sperr. Sperrere på hovudetaket skal egentlig vera 12 alen, når desse berre er 8 alen kan det vera utskifting av råte deler av dei gamle ved innskjøting. Det kan også vera sperrer på den delen som ligg under korset.

Giort Hengsler til Kirchedørren 3 mark

-----  
SUMMA UDGIFT er

Penge 75 Rdl 5 mark 4 skilling  
LIGNIT imod INDTEGTEN bliver  
Vergerne til Kirchen skyldig Penge 2 Rdl  
1 mark 8 skilling som indkøbes Støtter  
fore til Kirchens Fastighed. foruden de  
2 Rdl 1 mark 8 skilling som er assigneret at  
indkøbe Støtter fore af Stiftsksriveren til  
Presten betalt 4 Rdl til samme Støtters  
Indkøbning.

**SØFDE KIRCHES REGNSCHAB**

Forhørt pro Anno 1714, 1715 og 1716.

Ombudsmændene Mogens og Rasmus  
Echrimb.

INDTEGT;

-----  
SUMMA INDTEGT er

Penge 96 Rdl 3 mark 8 skilling

UDGIFT i fornemfte 3 Aar; Udi Stift-  
amtstuen er betalt dend halve Forpagtnings-  
avgift for Ao 1714 er 12 Rd - 5 m - 10 sk

" 1715 " 13 " - 1 " - -

" 1716 " 13 " - 3 " - 12 "

39 Rd - 4 m - 6 sk

-----  
Ao 1715. Tierebrædt Kirchen med

3 Td Tiere a 3 Rdr 9 Rdr

Giort eet nyt Vindue med nye

Rammer 4 mark 8 skilling

Giort 2 nye Benche i Kirchen 1 mark

Giort 16 Stig udi dend store Stie 1 mark

Kortes Leie af en Koe som ingen

wilde have. udi 3 Aar 4 mark 8 skilling

Solt en gammel Koe for 9 mark. og igien-

kiøbt en ung for 3 Rdr, foris saa Kirchen

til Udgift 1 Rdr 3 mark

Opsat til Kirchens nordre Side 2de Skorer.

Vi sag før at i dette rekneskapet har  
stiftsksriveren hatt med seg ein sakkyndig  
"Kirchebygger" og teke ei befarung av  
kyrkja. Når no vergene vart skyldig pengar  
ved oppgjøret, forplikta dei seg til å kjøpa  
inn nye støtter til utskifting for skulda. Dette  
har sikkert den sakkyndige sett som eit tiltak  
det hasta med, og det vergene skulda vart  
for lite pengar. Difor har stift-sksriveren  
betalt inn til presten dei manglande 4 Rdl  
slik at innkjøpet kunne skje med ein gong.

Vi kan ta med litt frå tingboka:

**Alm. Høste- Skatte- og Sageting, Egsund**  
1716, 3 august,

*Voldens prestebot eiede i Søfde Sogn;*

*Hageland 1 ml. Settre 7 ml, Opsal 4 ml,*

*Grydedal 1 ml. Veddelauf 3 ml. Echrem*

*8 ml. Møchlebustad 3 ml, Surdal 1 ml,*

*Tachsetter 10 ml og Nachen 2 1/2 ml.*

1716, 23 november,

*Sornemend at betiene Retten 1717:*

*Rasmus Sandnes, Joen Saurdal, Joen*

*Saufde, Lars Ødegaard Johannes*

*LilleRøfde, Magnus Storrødve, Rasmus*

*Bachen og Svend Opsal.*

*Gunder Søsnes stevner paa sin Søsters*

*Vegne Povel Sauddalen for et Aars Løn,*

*og for at hindis Kiste skal være opbrudt i*  
*hans Hus.*

Denne forpaktingsavgifta kan eg ikkje heilt  
forstå, men det ser ut som Stiftsksriveren har  
teke med seg snart halve inntekta til kyrkja.  
I desse åra var det krig mot svenskane og  
Karl den 12, så danskekongen skulle vel ha  
pengar til krigføringa.

Det har heller ikkje vore utført noko vesent-  
leg arbeid på kyrkjebygningen, berre små-  
reparasjonar bortset frå 2 lange støtter på  
nordsida av kyrkja. Desse 15 meter lange  
støttene må ha stått opp imot gaviveggen på  
nordre korsarm, det er einaste plassen der  
er nok høgde til å få den rette skråvinkel.

hver 24 Al. lang a 2 Rdr 4 Rdr

Opsat 1 Skore paa Kirchens søere Side  
16 Alen lang 1 Rdr

SUMMA UDGIFT er

Penge 99 Rdr 3 mark 6 skilling  
Lignit imod Indtegten kommer Kirchen til  
kort Penge 2 Rdr 5 mark 14 skilling som  
af Stiftskriveren Contant er Betahlt.

**SØFDE KIRCHIS REGENSCKAB**  
Forhørt pro Ao 1717, 1718 og 1719.  
Ombudsmændene Mogens og Rasmus  
Echrim.

**INDTEGT;**

-----  
1 Koe død hos een Fattig Mand hvor intet  
var at bekomme, bliver saa talled herefter 5.

Ligeledis 1 Smale død, bliver saa talled  
herefter 5.

-----  
SUMMA INDTEGT er  
Penge 84 Rdr 4 mrk 8 skill

**UDGIFT;**

Tiærebred Taarnet og dend gandske  
Kirche med 6 Tønder Tiære, med opleg-  
ning a 19 mark 19 Rdr

Oplagt paa Kirchens nordre Side 4 Tylter  
Bord, m. oplegning 4 Rdr 4 mark

Opsadt 4 nye Støtter a 16 Alen lang,  
Støchet 9 mark 6 Rdr

Giort 3 nye Vinduer udi Kirchen med  
Rammer og Karmen 3 Rdr

Beklæd Svilen paa Corets østre hjørne  
m. Bord og Oplegning 12 skilling

Indsat 2 Spærrer paa søere Kirche-Tag til de  
forraadnede med Arbeide 1 Rdr 2 mark

**De almindelige Høsteting udi Sundmørs  
fogderie. 1717.**

Ms Amtmand Erich Must har erkyndiget  
sig angaaende Kirkenes Tilstand og Brøst-  
fældighed.

Vattne K. er gandske forfalden.

Roalds K. ligesaa.

Borgens K. hvis Vægge er af Muur er  
noget forfalden paa Pandetaget, ald Trefang  
gandske forraadnet.

Ørschoug K. findes i god Hefde.

Søchels K. som var afbrændt er for kort tid  
siden af nye opbygget.

Schodie K. er brøsthouden paa det halve Tag.  
Sundelvns K. fattes 7 Tømmerstøtter og  
Tierebrædning.

Stordals K. er sigen paa Hald.

Geranger K. er at befrøgte at den falder ned  
dersom den ei i Tide opstøttes.

Nordals K. er og sigen og alle Støtter er af  
lave, kand snart falde.

Strands K. fattes Tag og Tiere.

Jørgenfiords K. fattes Tiere.

Ørstens K. behøver Tiere og nyt Tag paa  
dend søndre Side.

Voldens K. fattes nyt Tag, Sviller og Tiere.

Røfde K. fattes Tierebrædning og nyt Tag  
paa Vaabehuset. Vergen siger at være for-  
buden at reparere de siste 3 Aar da  
Kirchens Indkomster er forpagtet.

Søfde K. fattes Tierebrædning over alt. Et  
stykke Tag paa den søndre Side med 2  
spærrer gandske forfaldent, som vil forbed-  
res, item fattes Tag over alt på den nørre  
Side, og 4 14-Alens Støtter som Vergen  
siger at have betinget. Loftet i Kirchen er  
gandske forfaldent saa det maa nedrives om  
det ei skulde falde og gjøre Folch skade,  
med videre som udvendig kand fattes.

Værgen siger at have været af Presten og  
Stiftskriveren forbuden at reparere i disse  
trede forbigangne Aar da Kirchens  
Indkomster stode under Forpagtning.

Vandelven K. fattes paa Tag paa den  
søndre Side, saa og Spærrer 13 af 14 alen  
og 13 Dito af 13 alen med mere.

Hareids K. taarn er saa forfaldent at det ei  
kan blive bestandigt uden det vorde gandske  
omgjort.

Opsadt een Ryeholdt paa CoerVæggen  
a 9 alen lang 1 mark 8 skilling

Skjødt Renden udi vestre Hiørne 12 skilling

Opveiet dend nordre Kirchesvill som var  
nedseget, og eet Steenlaug underlagt 2 mark

Fastslaget Kirchens Bordklædning over  
alt, som var fraseget, med Spiger og  
Arbeidsløn 2 mark 12 skill

Kjøbt een Nye Løgte 2 mark

Forbædret Kalchen som var løs udi  
Skuingen 1 mark

Indsadt 2 Spærrer under KaarsTaget med  
HageBoldter og Arb. 4 mark

2 SpærLaug under samme Spærrer 2 mark

Nedlagt udi Kaarset 4 Tillaaser 12 skill

Tilrette giordt 2 piber udi LyseCronen 1 mk

Giordt een nye Bænych for Qvindfolche-  
Stolene 12 skilling

Forbedret BordTaget paa nordre Side  
med 2 Bord 12 skilling

Betalt Foster Leie af een Koe,  
hos Joen Løesætter 3 mark

-----  
SUMMA UDGIFFT er Penge 76 Rdr 4 mk  
8 skill. Bliver Værgerne til Kirchen skyldig  
8 Rdr., som de til Høsten til Stiftskriveren  
skal betale.

-----  
Det siste rekneskapet for åra 1720 til 1722  
tek eg med fullstendig, ein får då ein betre  
forståelse av kontinuiteten i drifta av kyrkja.

SØFDE KIRCHES INVENTARIUM;  
1 Kalk og Disk af Sølf,  
1 Tørklede paa Kalchen,  
1 Røt Alter Klæde,

I denne perioden har vore utført dei  
arbeider som amtmannen har påpeika i  
sin tilstandsrapport på forrige side, bortsett  
frå "loftet" som er innvendig himling. Her  
får vi ei ny og lenge savna opplysning.  
"Taarnet" er tjærebrædt ilag med resten av  
kyrkja. Eit tårn har mangla av to grunnar.  
1. I denne 60-årsperioden har 2 gonger  
klokkestrengen vorte utskift for mellom 1/2  
og 1 Rdl. Om klokka hang i Støpul på  
kyrkjegarden skulle ikkje klokketauet kosta  
så mykje.

2. Når kjølen (mønesvillen) har vore skifta  
på hovedkyrkja har måla vore oppgitt til  
mellom 15 og 18 alen. Dette er for lite i  
høve til dei andre bygningsmål som er  
sannsynleg-gjort. Når no tårnet kjem på  
plass kan ein legge på lengda 4 til 6 alen.  
Dette "taarnet" har sannsynlegvis vore ein  
enkel takryttar. Skilnaden mellom tårn og  
takryttar er at eit skikkeleg tårn har stolpar  
og fundamentering til grunnen, medan ein  
takryttar er bygd opp på og ilag med  
takverket. Likevel har ikkje ein takryttar  
problem med å bera ei klokke på opptil  
100 kg. No får vi også ein plass til desse 3  
små trespira som var oppsett i 1678.  
Korleis tårnet har klart seg utan vedlikehold  
i 60 år er ikkje godt å seie, men spiret kan  
ha vore koparbeslått, og kopar er nesten  
uforgjengeleg. Sjølv klokkehuset var ikkje  
stort, kanskje 3 x 3 meter og kan ha vore  
rep. ilag med taksida forøvrig.

Så har det vore oppsett ein "Ryeholdt" eller  
ryholt på veggen i koret. Dette er truleg ein  
konstruksjonsdel. Namnet virkar kjent utan  
at eg kan seia kva det er for noko. Om vi  
samanheld med ein losholt så er det ein  
avstivande tverrstokk ein set inn i veggkon-  
struksjonen der ein skal ha opning i veggen.  
(dører, vinduer, osv.)\_ Vi kan tenkja oss at  
ein ryholt er ein utanpåliggande avstivande  
tverrstokk som vart pålagt for å avstive  
veggtilene (veggstavane) innbyrdes.  
På koret er det endeveggen som har størst  
behov for slik avstiving, og ein slik tverr-  
stokk burde då ligge på innsida, bak alteret  
og altertavla. Om dette er rett har vi brått  
tverrmålet på koret, 9 alen er 5,7 meter.

- 1 Hvid Alter Dug,
- 1 Gammel Mæssehagel,
- 2 MæsseSkiorter, den eene gammel,
- 1 Psalmebog in octavo,
- 1 Gammel Dito,
- 1 par Mæssingstager,
- 1 LyseCrone med 6 armer eller Piber,
- 1 Mæssing Bæchen i Fundten,
- 1 Kloche, 1 Løgte.

### SØFDE KIRCHES REGNSCKAB

Forhørt pro Ao 1720, 1721 og 1722.

Ombudsmændene Mogens og Rasmus Echrim.

#### INDTEGT 1720;

Landskyld aarlig af,

Lillebøe	Fisk	3 Mellag
Breiteig	"	1 Vog 1 Mel
Breiteigsviigen	"	1/2 Vog
Indre Løesett	"	1 1/2 Vog
Midt Løesett	"	5 Mellag
Yttre Løesett	"	1 Vog er øde
Opsaii	"	1 Vog
Mou (i Ørsta)	"	1 Mellag
Liesett	"	1/2 Vog
Aarschoug	"	1 Mellag
Store Rødve	"	3 Mellag
Hageland	"	9 mark er øde
Wiig	"	1/2 Vog
Souverdahl	"	1 Mellag
Sandnes	"	1 1/2 Mellag
Sandanger	"	1 Vog 9 mark
Muren	"	1 Mellag
Yttre Dimen	"	1 Mellag
Eltviig i Nordfiord	"	1/2 Vog
Er tilsammen	Fisk 12 Vog	1 1/2 Mellag
a 1 Rdr er	12 Rdr	2 mark 4 skilling
LeieKiør 12 a 1 ort er		3 Rdr
LeieGieder 5 a 6 skilling er	1 mark	14 skill
Korntienden foruden	1 Tønde	til
Klocherens Underholdning	Hafre	11 Tdr
a 5 1/2 mark er	10 Rdr	8 skilling
Ostetienden	3 Vog a 3 ort - 2 Rdr	1mk 8sk
INDTEGT 1721;		
Landskylden er tilsammen	Fisk 12 Voger	
1 1/2 Mellag a 1 Rdr er		
	12 Rdr	2 mark 4 skilling
LeieKiør 12 a 1 ort er		3 Rdr

Amtmannen har i sin tilstandsrapport påpeika at bordkledninga i "Lofet" eller himlingen i kyrkja var dårleg og kunne falle ned og skade folk. Når dei her har "fastslaget Kirchens Bordklædning" tyder ordlyden på at dette er utvendig arbeid.

Vi ser at svilen på korets østre hjørne er reparert. Koret har med andre ord eit østre hjørne. Det er tidlegare antekke at kyrkja låg med hovedretning aust - vest. Om koret var i den vestre enden, noko som elles ikkje var vanleg, skulle ikkje koret ha noko østre hjørne. Det vert difor her klart at koret låg i austre enden av hovedkyrkja. Rekkefylgja etter hovedretninga aust - vest vert då; korhovedkyrkje - våpenhus, og med ein korsarm mot nord og ein tilsvarande mot sør.

Ombudsmennene Mons og Rasmus Ekrem har no tjenestgjort i 26 år. Etter som er har forstått opplegget hadde ikkje vergene noko form for offisiell lønn for arbeidet. Men dei hadde sjølv sagt eit ærefullt verv og derfor ein spesiell status i bygdesamfunnet. Likevel viser dette ei utruleg utholdenhet.

Når vi ser på gardlista for 63 år sidan i 1659 ilag med for 1722, ser vi at desse er identiske. Ingen gardpart er seld og ingen er kjøpt. Dette viser stor stabilitet i dei ytre tilhøve for kyrkja. Samtlege av desse gardpartane fylgde kyrkjegodset etter at det kom på private hender heilt fram til 1860 - 70 åra då kommunen overtok kyrkjebygningen og sameiget vart oppløyst og gardane selde. Vi kan difor med ei viss trygghet anta at dei 225 tidlegare åra, tilbake til ca 1430 då Erkebisp Aslak Bolt fekk nedteikna si berømte jordebok, ikkje medførte store endringar i Syvde kyrkje sitt jordegods. Eg meiner difor at desse gardane har vore i Syvde kyrkje si eige minst tilbake til svartedauden, altså minimum 500 år. Reformasjonen ca. 1530 var mest eit indre anliggende og skapte ingen endringar i dei ytre tilhøva. Kyrkja sine eigedomar frå den katolske tida vart fortsatt kyrkja sin eigedom.

LeieGieder 5 a 6 skill er 1 mark 14 skilling  
 Korntienden Hafre 11 Tdr a 4 1/2 mark  
                                   er 8 Rdr 1 mark 8 skilling  
 Ostetienden 3 Vog a 3 ort er  
                                   2 Rdr 1 mark 8 skilling

## INDTEGT 1722;

Landskylden Fisk 12 Voger 1 1/2 Mellag  
 a 1 Rdr er 12 Rdr 2 mark 4 skilling  
 LeieKiør 12 a 1 ort er 3 Rdr  
 LeieGieder 5 a 6 skill er 1 mark 14 skill  
 Korntienden Hafre 11 Tdr a 5 mark er  
                                   9 Rdr 1 mark

Ostetienden 3 Voger a 3 ort er  
                                   2 Rdr 1 mark 8 skilling

SUMMA INDTEGT er  
 Penge 81 Rdr 1 mark 14 skill

UDGIFT i førnefnte 3de Aar;  
 For Brød og Wiin i 3 Aar, betalt  
 aarl. 7 Rdr er 21 Rdr  
 Woxlius til Kirchens Brug i bemeldte  
 Aaringer 6 Rdr

Til den Finnmarkske Mission =3 Rdr. og til  
 Friderichshalds Skoles og Kirches Opbygg-  
 else = 2 Rdr. er af HovedKirchen betalt.

Til den afbrendte Eids Prestegaard i  
 Nordfiord 1 Rdr

Erlagt til dend Lutherske Kirche udi  
 London i Engeland, aarl. 2 mark 1 Rdr

Iligemaade erlagt den allernaadigst  
 paabudne Studieskat pro Anno 1720, 1721  
 og 1722 3 Rdr

Proustens Løn i 3 Aar 1 Rdr 3 mark  
 For Sær Wisitas 1 Rdr 3 mark  
 For Regnskabets førhørog Kosterhold 1 Rd  
 Conectors Løn 1 Rdr 3 mark  
 Stifftskriverens Løn 1 Rdr 3 mark

Oplagt eet nyt Tag paa Kirchens Søre Siide  
 af 11 Tylter Kiøbmansbord, 1 Rdr 8 skill  
 Tylten med opletning 11 Rdr 5 mrk 8 sk

16 = 12 alen Oplengere under Taget  
 a 12 skilling 2 Rdr

Inntektene viser også stor stabilitet og  
 inflasjon eksisterer ikkje. Bruttoinntekt for  
 åra 1659 til 62 var 98 1/2 Rdl 15 skilling.  
 Bruttoinntekt 1720 - 22 er noko over  
 81 Rdl. Skilnaden kjem frå mindre tiende  
 i mengde (dårleg avlingsår ?) og prisfall på  
 korn og ost. I desse 63 åra har prisane på  
 fisk vore stabil, medan prisen på korn og  
 ost har vore meir ustabil. Det er nærliggan-  
 de å tenkja at det også den gongen har vore  
 ein verdensmarkedpris som påverka pris-  
 nivået på Syvde kyrkje sine varer.

Det har elles gått nedover med talet kyr og  
 geiter til utleige, men som vi skal sjå lenger  
 nede er dette i ferd med å rette seg.

Den Finnmarkske Misjon har stått på utgift-  
 lista nokre år no, men Fredrikshald kyrkje  
 og skule er nye av året.

I 1716 førsøkte Karl XII forgjeves å innta  
 Fredriksten festning. Borgarane i Halden  
 sette då sjølv fyr på byen for å drive  
 fienden ut. I 1718 gjorde Karl XII eit nytt  
 forsøk som enda med at kongen falt foran  
 Fredriksten festning.

Her skal kyrkjene i Norge betale ein ekstra-  
 skatt til gjenoppbygginga.

Den 15.februar 1721 brann mange av husa  
 på prestegarden på Nordfjordeid. Heile  
 arkivet strauk med, kyrkjebøker og  
 dokument. Husbunad, sengekle, lenty og  
 saker av tinn, kopar, sylv og gull gjekk med.  
 Sumt grov dei utatt i klumpar i oskehaugen.  
 Fjøs, lade, buskap og for vart berga.

Taket på sørsida av kyrkja vart delvis rep.  
 i siste periode etter amtmannens befaring.  
 Det har sikkert då vorte registrert stor skade  
 på taket slik at i denne perioden har ein  
 skifta ut heile taksida inkl. sperrene.  
 (Oplengere under Taget). Det er til dette  
 brukt 16 stk sperrer. Om desse låg med 80  
 til 90 cm avstand og alle vart skifta vert ei  
 teoretisk lengde på hovedkyrkja mellom 13  
 og 14 meter. År 1660 vart golvbjelkane  
 utskift (14 stk) og eg antok då at kyrkja  
 hadde ei lengd mellom 12 og 13 meter.  
 Truleg er ca 13 meter eit sannsynleg mål.



Forbedret det nordre Tag med  
1 Tylt Dito Bord 4 mark 8 skilling

Oplagt paa Kirchen een nye Rende  
= 14 alen lang 1 Rdr

Lagt een Svil paa østre Hjørne  
= 12 alen lang 1 Rdr

Een Dito paa Vestre Hjørne = 12 al. 1 Rdr

For een Støtte 20 alen lang 3 Rdr

Een 16 alen lang 2 Rdr 3 mark

Een Støtte til Vaabenhuset 10 al. lang 1 Rdr

Oplagt een Kiøl paa Vaabenhuset  
= 6 alen lang 3 mark

Giordt 6 nye VindueLuger med Gienger  
og Toug 1 Rdr 3 mark

Forbædret alle Vinduerne og giordt eet nyt  
Vindue i Fundten som kosted 1 Rd 5 mark

For at indsætte og dennem befæste 3 mark

De tvende Kirche-Porte at reparere, som  
anføres for 2 Rdr, tilkommer Almuen efter  
Deris Kongel. Mayts allemaadigste forord-  
ning, tillige med Kirche-GaardsMuuren at  
holde ved Liige.

Giordt een nye Gabe-Stock med  
Jern og alt 4 mark

Giordt 2 nye Benke, den eene udi Kaarset,  
og den anden udi Kirchen, saa og for-  
bædret de andre Brøstfeldige Stole, med  
Bord, Spiger og Arbeidsløn 4 mark

Tiærebræd Kirchen med 5 Td Tiære  
a 3 Rdr med Oplægning 15 Rdr

Kortes Landskylden og Tienden af Yttre  
Løset, som ligger øde udi bemeldte  
3 Aar 5 Rdr 3 mark

Opyngtet 3 Kiør udi 3 Aar hos Siver Møch-

Her får vi igjen det rette målet på gratrenna under forutsetning at taksida var 12 alen, og som vi såg tidlegare var dei utskifte sperrer nettopp 12 alen.

Den søre taksida som no er utskift har vindski (Svil) på den austre ende eller hjørne og tilsvarande på den vestre ende. Og som vi ser, desse er 12 alen lange.

Etter den store opprettingjobben for 20 år sidan kan det sjå ut som ein har vorte meir påpasseleg med å halde støttene i orden. Det har i desse 20 åra vorte utskifta meir støtter enn i dei foregåande 40 åra.

Når no kjølen på våpenhuset er utskift har vi sannsynlegvis heile lengda på dette. Kjølen er opgitt til 6 alen = 3,8 meter.

Desse Vinduslukene med hengsler og tau var nok plassert høgt oppe på gavlveggane. Kanskje 2 i kvar ende av hovedkyrkja og ein i kvar korsarm. Det vert tilsaman 6 stk.

Når her står eit nyt vindu i Fundten er det sannsynlegvis erstatning for eit gammelt som er defekt /oppråtna.

Tidlegare vart kyrkjeportane reparert på kyrkja si bekostning. Det er no kome ei ny kongeleg forordning der arbeidet med inngjerding av kyrkja skal skje på almuens regning. At kyrkja hadde gjerde av fint oppmura steingard er omtrent helt sikkert.

Denne straffeordninga med gapestokk ser det ut som fortsatt er i bruk. Det kan hende det vart oppsett ny som eit preventivt og avskrekkande tiltak. Riset som i gamle dagar hang i alle heimar vart heller ikkje alle tider så mykje brukt.

Det har også vore gjort ein del arbeid på benkane og stolane både i kyrkja og i korset. (nordre korsarm). I Fundten eller dåps-sakristiet har eg enno ikkje sett at det har vore laga eller reparert benker. Døpefonten tok nok ein del plass midt på golvet, men der må vore benkar langs veggane.

lebostad, Johannes Skaar og Arne Etsaa  
2 Rdr 1 mark 8 skilling

Opyngtet een Gied udi 3 Aar hos  
Jens Møchlebustad 1 mark 2 skilling

Kirchen at Maje og Ornamenterne at  
holde reene 4 mark 8 skilling

For Regnskabet at skrive 1 mark

SUMMA UDGIFT er  
Penge 92 Rdr 4 mark 2 skilling

LIGNIT imog INDTEGTEN bliver  
Kirchen til Vægerne Skyldig  
11 Rdr 2 mark 4 skilling  
som de hos Kirchen haver at fordre.

Vi tek med salsdokumentet som kongen  
skreiv ut i 1725;

*Vi Friedrich den Fierde af Guds Naade  
Konge til Dannemark og Norge gjøre alle  
vitterligt at som vi ved aller naadigste  
Resolution af 15de November 1723 hafer  
Approberet de af os Elskelige Bartholomeu  
Deichman vaares Conferentz Raad og Bis-  
kop ofuer Aggerhuus Stift tiligemed os  
Elskelige Peter Voigt vaares Justitz Raad  
og Laugmand ofuer Christiania Lauge-  
dømmer efter vores derom meddeelt Aller-  
naadigste Resolutioner ved os Elskelige  
Jacob Rasc voris Canselli Raad og Canse-  
storial Assessor som dertil voris Special  
Allernaadigste Befalling tilstillet, samt  
Peter Roneshard Forrettende Auctioner  
ofueralt i Bergen Stift i vort Riige Norge  
beliggende og Tilhørende Kirker paa  
Kirkeauktioner voris Capitain os Elskelige  
Christian Paus Sig haver tilforhandlet og  
er blefuen høieste biudende paa  
Søfde Kirke".*

Kyrkja har på inntektsida 12 kyr og 5 geiter  
til utleige. I 1660 var der 17 kyr og 8 geiter.  
Ein har ikkje vore flink nok til å sette på nye  
til erstatning for dei som går ut anten av  
uhell, sjukdom eller alder. Men no er 3 nye  
kyr og ei geit klar til utleige. For 5 år sidan  
var det avkorting i inntektene avdi det var ei  
"Koe som ingen vilde have". Den var truleg  
gammal og utlevd.

Av desse oppalarane veit vi mest om Jens  
Myklebust. Han var frå Engeset i Ørsta, og  
kom til Myklebust som gift mann i 1711.  
Bygsla då 2 mellag eller 1 pund 12 mrk av  
presten Rasmus Sandel (bnr. 23). Jens vart  
gift 2 gang med Marte Olsdotter (M.bust  
27). Jens døde i 1743 og Marte vart gift  
2. gang med Steinar Olson Nedreberg.  
Marte død 1757.

Når rekneskapen no vert avslutta har  
vergene tilgode noko over 11 Riksdaler.  
Dette får vi vone dei får utbetalt før kyrkja  
vart seld. Ordninga med verger gjekk truleg  
ut etter at kyrkja vart privat eigedom.

Dette var det siste rekneskapet som finst for  
Syvde Kyrkje under Bergen Stift.  
I 1723 vart alle kyrkjene i Norge auksjonert  
bort av danskekongen, og ein privatmann  
ved navn Christian Paus fekk tilslaget etter  
høgste bod på 140 Riksdaler.  
Etter at kyrkja kom på private hender er det  
i dag ingen rekneskap i arkiva.

Om kyrkjeordninga vidare framover kan ein  
lesa i "Meir om Syvde" av Simon Eikrem.